

## **Stord Venstre**

### **Styret si årsmelding 2011**

Desse vart valde i styret for 2011

Leiar:	Håkon Frode Særsten
Nestleiar:	Jorunn Fylkesnes
Kasserer:	Kåre Løkhammer
Sekretær:	Else-Berit Helle
Medlem:	Geir Angeltveit
Medlem:	Astrid Larsen
Medlem:	Harald Nes

Varamedlemmer: Guro Betten og Odd Stuve Rometveit

Revisor: Sigmund Lorentsen og Lilly Skår

Valnemd/Nominasjonsnemnd: Else Berit Helle, Kåre Løkhammer, Harald Nes og Astrid Larsen

Utsendingar til Fylkesårsmøte:

Geir Angeltveit og Runar B.Mæland

Styret fekk fullmakt til å fungera som valkampnemnd og programkomite.

Det vart løyvd kr.1.000,- til Sunnhordland Unge Venstre.

Fram til kommunevalet har desse representert Venstre i kommunestyregruppa.

Kåre Løkhammer har vore gruppeleiar for kommunestyregruppa. Han har vore leiar i Komite for Rehabilitering, helse og omsorg og er medlem av Formannskapet.

Astrid Larsen har vore medlem av Kommunestyret, Næring, miljø og kultur komiteen, Valnemda, Valstyret og Utsmykkingsfondet. Ho har vore vara til Formannskapet og representantskapet i SIM, styreleiar i Friluftsrådet Vest, og nestleiar i styret til Friluftsrådenes Landsforbund.

Peggy Bærøy har vore medlem i Kommunestyret og Forvalningsstyret, samt medlem i styret i Samfunnshuset.

Håkon Frode Særsten var vara til Kommunestyret og nestleiar til Komite for Oppvekst. Han var også medlem i styret i Hordaland Venstre.

Odd Stuve Rommetveit var vara til komite for Oppvekst og Kommunestyret.

Jorunn Fylkesnes var vara til Kommunestyret, medlem i komite for Rehabilitering, helse og omsorg og styreleiar i Bachertunet samt eldrerådet.

Det har vore halde gruppemøte før dei fleste komiterundane. I samband med gruppemøta har det vore halde styremøte. Det har også vore felles gruppemøter i koalisjonen med høgre Kristeleg Folkeparti, Demokratane og Senterpartiet i samband med budsjettet og andre prinsipielt viktige avgjerder.

I samband med kommunevalet fekk Stord Venstre inn to representantar i kommunestyret.

Det var Håkon Frode Særsten og Geir Angeltveit. Me fekk 5,4% av stemmene. Venstrefolk var aktive i valkampen med lesarinnlegg, i debattar, stand og flygblad. Me var også med på felles valkampavis saman med dei andre parita som stilte til val.

Vararepresentantar vart: Odd Stuve Rommetveit, Jorunn Fylkesnes, Runar B.Mæland, Peggy Bærøy og Ingjerd Helle Lorentsen.

Håkon Frode Særsten fekk fast plass i Formannskap og nestleiar i komite for Næring og utvikling, med Jorunn Fylkesnes som varamedlem. Geir Angeltveit fekk fast plass i komite for Oppvekst og utdanning med Runar B.Mæland som vara.. Jorunn Fylkesnes, fast plass i komite for Rehabilitering, helse og omsorg

Håkon Frode Særsten vart og vara til Driftsstyret.

Peggy H:Bærøy vart medlem i Forvalningsstyret og Odd Stuve Rommetveit vart varmedlem til Forvalningsstyre, Peggy H.Bærøy vart medlem og Ingjerd Helle Lorentsen siste vara til kontrollutvalet.

Jorunn Fylkesnes vart medlem i valstyret. Geir Angeltveit varmedlem til eldrerådet.

Drifta i Stord kommune har i 2011 vore svært vanskeleg, økonomisk. Det meste av det politiske arbeidet har gått ut på å få balanse i budsjettet. Dette avdi ein starta 2011 med stort underskot i rekneskapen, samt underskot frå tidlegare år, særleg 2008. Kommunen kom og på den berømte ROBEK lista, d.v.s. ein vart sett under administrasjon av Fylkesmannen.

Alle nedskjeringane førte til reduserte tenester for innbyggjarane og terskelen for å motta tenester vart gjort høgare. Kommunen hadde fleire tilsyn frå Fylkesmannen og fekk avvik og merknader i samband med desse, som må rettast opp.

Hausten 2011 var og vanskeleg i samband med å få i mål eit budsjett i balanse. Det budsjettet som vart vedteke reduserte ytterlegare nivået på tenester til innbyggjarane. Særleg sakta om å starta ein prosess med å leggja ned Litlabø skule skapte stor debatt både i Venstre og blant innbyggjarane i lokalpressa og på sosiale media.

Det vart og vedteke med tilslutnad frå Venstre å innføra eigedomsskatt på verk og bruk frå hausten 2012 og det vart vedteke å nytta 50 mill. av kraftsfondet til investering.

Oppstart vegutbetring Jensanesvegen og kloakksanering i området kom i gong hausten 2011. Dette har vore ei sak som Venstre har kjempa for i mange år både i kommunestyret og fylkestinget.

Kommunen kjøpte og Ådland Studenthei, noko Venstre jobba hardt for å få til. Her vil administrasjonen i hemebaserte tenester verta samla. Ein vil og få omsorgsbustader og kunna gi heildøgnsomsorg for dei som vil ha behov for det.

Venstre har og ei aktiv heimeside som vert jevnleg oppdatert av Geir Angeltveit.

Sagvåg 13.01.12

Else-Berit Helle  
sekretær